



Arkivnr: 2017/17538-6

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

## Omklassifisering etter omlegging av Rv13 ved Mønshaugen i Voss kommune

### Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av riksveg til kommunal og privat veg som følgje av ei gjennomført omlegging av Rv13 ved Mønshaugen i Voss kommune. Fylkesutvalet har tidlegare kome med uttale, men grunna endringar og suppleringsar i saka har Statens vegvesen bedt om ein ny uttale frå fylkeskommunen. Ved Mønshaugen er Rv13 lagt i ny trasé, ny busshaldeplass er oppretta og ein gang- og sykkelveg som gir tilkomst frå busstopp til eksisterande riksgangveg er bygd. I tillegg er ei privat avkøyrsløse erstatta med ny tilkomstveg. Statens vegvesen rår til at sistnemnte vert omklassifisert til privat veg, ny gangtilkomst vert statleg, medan gamal riksvegtrasé med gangtilkomst vert kommunal veg.

**Økonomi:** Omklassifisering frå riksveg til kommunal og privat veg har ingen påverknad på fylkeskommunen sin økonomi.

**Klima:** Omklassifisering vil ha liten eller ingen innverknad på klimaet.

**Folkehelse:** Omklassifisering vil ha liten eller ingen innverknad på folkehelsa. Sjølvvegeprosjektet kan innverka positivt gjennom auka trafikktryggleik.

**Regional planstrategi:** Det er ingen direkte samanheng mellom tiltaket og mål og strategiar i Regional planstrategi 2016-2020.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet har ikkje merknader til Statens vegvesen si tilråding om omklassifisering etter omlegginga av Rv13 på Mønshaugen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Omklassifisering av Rv 13 Mønshaugen - høyringsbrev
- 2 Omklassifisering av Rv. 13 ved Mønshaugen i Voss kommune - uttale frå Voss kommune

Fylkesrådmannen, 28.02.2018

### Bakgrunn

Saka gjeld omklassifisering av riksveg til kommunal og privat veg som følgje av ei gjennomført omlegging av Rv13 ved Mønshaugen i Voss kommune. Fylkesutvalet har tidlegare kome med uttale i saka (PS 238/2015, i møte 24. september 2015). I etterkant er det gjort endringar og suppleringar i omklassifiseringssaka. Statens vegvesen har difor (i brev dagsett 29. juli 2016) bedt om ein ny uttale frå fylkeskommunen som tar stilling til desse endringane. Etter veglova §7 første ledd vert endeleg vedtak gjort av departementet.

### Saksopplysingar


Som del av vegprosjektet er det bygd ein ny privat veg aust for riksvegen, samt gangtilkomst frå eksisterande gang- og sykkelveg på vestsida av riksvegen (Rg.13, hp 214<sup>1</sup>) til ny busshaldeplass på austsida. Gangtilkomsten går gjennom ein kulvert under riksvegen. I omklassifiseringssaka inngår også den gamle traseen for Rv13 (no kalla Rt. hp 14<sup>2</sup>) og ei gamal riksgangvegstrekning (Rg. 13, hp 164).

Den nye private vegen erstattar tidlegare avkøyrsla til bustader, då avkøyrsla vart stengd som følgje av vegprosjektet. Ny privat veg er kopla på g/s-vegen som går til busshaldeplassen aust for Rv13, og bebuarane har høve til å køyra der for å koma seg til riksvegen.

### Vurdering av omklassifisering

Etter omlegginga av Rv13 fungerer den gamle riksvegtraseen (Rt. hp 14) no som tilkomstveg til Bjørke og Møn, som gangtilkomst til busstopp aust for Rv13 og elles som tilkomstveg for gangveg nord for den nye riksvegtraseen. Statens vegvesen rår til at strekninga vert kommunal veg. Ut frå noverande funksjon synest dette rimeleg.

Det er også då naturleg at den gamle riksgangvegstrekninga (Rg. 13, hp 164) vert omklassifisert til kommunal gangveg, slik Statens vegvesen rår til. Denne strekninga fungerer no som gangtilkomst frå Bjørke og Møn til busstopp ved Rv13.



<sup>1</sup> Forkortinga «Rg.» står for *riksgangveg*. «Hp» er ei forkorting for *hovudparsell*, som med nummerering syner til ei gitt delstrekning av den aktuelle vegen.

<sup>2</sup> Forkortinga «Rt.» inneber at riksvegen er *temporær*, eller *mellombels*.

Vegvesenet rår vidare til at ny gangtilkomst, som går frå den nye busshaldeplassen til gang- og sykkelvegen vest for riksvegen (Rg.13, hp 214) via kulvert, framleis vert klassifisert som riksgangveg. Vegvesenet syner her til «*Kriterier for riksveg etter forvaltningsreformen 1. januar 2010*»<sup>3</sup>.

Den nye private vegen har fått nemninga *Rg.13, hp 14 (7130-7400)*, som inneber at den reint formelt er del av riksgangvegnettet fram til omklassifisering er vedtatt. Når den likevel vert omtalt som privat veg, skuldast det at den i praksis fungerer som nettopp det, sidan den berre gir tilkomst til dei same bustadene som fekk avkøyrsla si stengd.

Oppsummert rår Statens vegvesen til følgjande:

- *Rt. 13 Hp 14 Km 8,450 – 8,683 vert nedklassifisert til kommunal veg*
- *Rg. 13 Hp 164 Km 2,700 – 2,766 vert nedklassifisert til kommunal veg.*
- *Rg. 13 Hp 254 Km 7,200 – 7,403 vert klassifisert til riksveg*
- *Rg. 13 HP 14 Km 7130 – 7,400 vert nedklassifisert til privat veg.*

Voss kommune har gitt uttale til saka, der dei stiller seg positive til tilrådinga frå vegvesenet. Etter vår vurdering er tilrådinga til Statens vegvesen fornuftig ut frå funksjonen dei aktuelle delstrekningane no tener etter omlegginga av Rv13.

#### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til Statens vegvesen si tilråding, og er samd i vurderingane som er gjort.

---

<sup>3</sup> I kriteria heiter det mellom anna at «gang-/sykkelveg langs riksveg skal være riksveg».